



Ole Daniel Fjellanger  
Haukedalsveien 20  
5113 TERTNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1631 - 16/17413

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
21.06.2016

## Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 108/610 Lindås.

Kommunen viser til søknad om dispensasjon for oppføring av garasje på gbnr 108/610, mottatt 18.05.2016.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at omsøkte tiltak ikkje er i samsvar med punkt 1.20 i føresegnene til kommuneplanen der det står:

«Nye tiltak skal innordne seg og tilpassast eksisterande bygg på eigedomen. Mindre tiltak skal ha same takvinkel og takform som hovudbygg. ....»

Omsøkte garasje har saltak med 36 grader takvinkel, medan godkjend bustad på eigedomen har valmtak med 28 grader takvinkel. Etter ein førebels gjennomgang av søknaden vurderer kommunen å gje dispensasjon på vilkår av at garasjen får takform som er i samsvar med den godkjende bustaden. Men før vi fattar vedtak i saka ber vi om tilbakemelding på om det er aktuelt søkja om dispensasjon frå punkt 1.20 i føresegnene.

Frist for tilbakemelding vert sett til 04.07.2016. Dersom vi ikkje høyrer noko innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr



Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ole Daniel Fjellanger

Haukedalsveien 20 5113

TERTNES